

Advokatfirmaet Harris  
v/ Rasmus Andre Svor

29.11.16

Dykkar ref. 103715/1224541

## **VA LEIDING OVER EIGEDOMEN TIL ANDERS HAUGE.**

Visar til Dykkar brev av 28.11.16 der de ber om fjerning av betong i elv. Det kan me stadfesta at me har til hensikt å gjera straks alternativ løysing for leidningen er godkjent.

Osterøy Entreprenør (OE) tok umiddelbart til etterretning klage frå Anders Hauge (Hauge) som førte til stopppordre frå Osterøy Kommune i juni.

Etter mange konsultasjonar med konsulent og ansvarlege for VA i Osterøy Kommune kom me fram til ei løysing for elvekryssinga. Avlaupsleidningen kan trekkjast litt vestover på sørsida av elva for å kunne passere under stor kommunal vassleidning og dermed liggje jamt med elvebotn og ikkje over som no.

Kommunen godtek ikkje at det vert lagt dykkerleidning over elva p.g.a. driftsproblem som vil oppstå.

Den 25. oktober vart den reviderte VA rammeplanen godkjent av Osterøy Kommune.

Den 9. november tok OE kontakt med Hauge for å presentere den reviderte planen og opplyste om at det innebar å fjerna betongen i elva. Hauge ville fyrst koma men ombestemte seg etter nokre dagar.

OE årsakar at eit brev frå Hauge vart oppfatta som ein merknadar til byggjesaka og derfor ikkje svart på direkte til Hauge.


OE har forklart til Hauge at det vart lagt ned trekkerøyr som me kjenner til BKK har til hensikt å søkja Hauge om løyve til å føra fram straum til næringsområdet i same tracé som VA. OE har oppmoda BKK å ta kontakt med Hauge om dette med det første.

Det er svært krevjande å arbeida i ei elv på denne årstida med mykje vassføring og det vil vera ein unødvendig stor miljørisiko å utsetja elva for ein ekstra belastning ved å fjerna betongen og røyr i ein eigen operasjon. Det vert derfor bede om at dei reviderte planane vert akseptert av Hauge slik at me kan få det godkjent i byggjesak og får endra elvekryssinga til det optimale.

Vedlagt revidert teikning

Me ønskjer ei snarleg tilbakemelding på om nye reviderte teikningar kan godkjennast som grunnlag for grunnavtalen slik at den kan tinglysast og for å kunna senda inn byggesøknad som avtalt med Lindås Kommune.

Med venleg helsing



Nils Skjerping